


Førde barneskule

«Eg er stolt av at vi har engasjerte og dyktige tilsette som har elevane og læring i fokus, og at vi har eit aktivt elevråd som blir lytta til. Spesielt stolt er eg av at elevgruppa vår representerer 35 ulike nasjonar.» - Rektor Therese Helland



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	226	172	223	-3
Kapasitet	243			
Kapasitetsutnytting i prosent	93%	71%	91,5%	
Ledig kapasitet	17			
Gjennomsnittleg klassestorleik	20,5			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	15			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	16,4			
Barn i SFO	108 av 115 som utgjør 94%			

Vedlegg 5 Bemanning

Lærarårsverk	22
Av dette leiingsressurs	160% + 100% SFO
Snittalder lærarstab	45,9
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Fagpersonell til forsterka skule, med god kompetanse i både ukrainsk og norsk. Lærarar med kompetanse på begynnarpplæring og spes.ped.

Økonomi

Rekneskap 2022	kr	26 289 114
Budsjett 2023	kr	30 836 238
Rekneskap 2023	kr	29 652 368
Budsjett 23 utan SFO	kr	27 169 541
Rekneskap 23 utan SFO	kr	26 933 656
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	119 175



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehage	Då dette er ein «sentrumsskule» vil det vere ei rekke barnehagar som har barn frå skulekrinsen.
Tilknytting til andre tenestetilbod	Skulen har kort veg til dei fleste tenestene som er relevant, og er ikkje avhengig av skyss.
Kommuneplanens arealdel	(Næring og bustad)

Bygningsmasse

Byggjeår	1965 (påbygg 2003, 2008)
Areal	4064
Teknisk stand /oppgraderingbehov:	
<p>I desember 2020 leverte Sweco ein teknisk tilstandsanalyse for Førde barneskule der bygget blir vurdert opp i mot referansenivå TEK17. Det er ikkje eit krav at eldre skulebygg skal tilfredsstillte TEK17-standard, men det er ein eigna standard å vurdere bygget sin tilstand opp i mot.</p> <p>I rapporten kjem det mellom anna fram at:</p> <ul style="list-style-type: none">• Bærande konstruksjon er i god stand, og treng berre små utbetringar av overflater.• Overflatene som vegg, golv og himling på bygninga er prega av elde og slitasje, og treng ein oppgradering, med unntak.• Energirekneskapet på bygninga er dårleg. Bygget bør etterisolerast, og få nye glas og dører.• VVS installasjonar er i varierende tilstand, men god sett ut i frå byggjeår.• Elektroanlegget er delvis oppgradert i alle bygningsdelar som er bygd før 2003. Det manglar noko oppgradering av el. fordelingar for at alle områder skal ha automatisk utkopling ved jordfeil, dette bør prioriterast.• Brannvarslingsanlegg er basert på automatisk deteksjon i rømmingsvegar. Dette er i tråd med gjeldande reglar for bygget. Om bygget skulle oppgraderast til TEK-17 ville det vore krav om deteksjon i alle rom. I rapporten er det anbefalt installasjon av sprinkleranlegg, som igjen kan erstatte andre branntekniske utbetringar. <p>Utbetring av skulen er kostnadskalkulert: Vedlikehaldskostnadar, som gjeld dei tiltaka som bør utførast for å vidareføre bygget sine kvalitetar som i dag, er sett til 38,5 MNOK. Dersom ein skal vidareutvikle bygget slik at det</p>	



Vedlegg 5

vil halde sin verdi over tid i forhold til nye krav frå brukarar, marknad og myndigheiter, er kostnadane kalkulert til ytterlegare 5,4 MNOK. Med påslag for marginar, rigg/drift og MVA er totalsummen rekna til 82,5 MNOK i 2020-kroner for å vedlikehalde og utvikle bygget til TEK-17 standard.

Andre forhold

Avstand til Slåtten skule	2,3 km
Avstand til Flatene/Halbrend	2 km / 2,9km
Forhold ved skulevegen	Angedalsvegen er planlagt oppgradert gjennom Førdepakken tiltak 15. Kyrkjevegen er planlagt oppgradert i tiltak 18. Skulen har etablert Hjartesone. Det er i desember 2023 29 elevar som får skyss etter fylkeskommunalt vedtak, og 4 grunna kommunale vedtak.
Særeigne forhold ved skulen	Skulen og Avlastinga er bygd saman for samarbeid og sambruk. Det er vedtatt at skulen skal flyttast til Førde ungdomsskule. Tomta er også lansert som mogleg plassering av ny sjukeheim.

Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Kompetent personale med tverrfagleg kompetanse.
- Velutvikla miljø- og ressursteam.
- Erfaring med pedagogisk tilbod til elevar med anna morsmål og særskilte behov.
- Skulen og avlastinga er integrerte, som fremjar samarbeid.
- Gode tilbakemeldingar på elevundersøkinga.

Forbetringsområder

- Vidareutvikle vurderingspraksisen på skulen i tråd med kommunale satsingar.
- Merksemd på lagerplass og lydisolering i sløydalen.
- Forbete kommunikasjonen med foreldre om bruk av vikarar og klassetilhøve.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- God og tilpassingsdyktig organisering av skulen.
- Effektiv bruk av fysiske ressursar som undervisningsrom og gymsal. *Særleg er både tilsette og FAU opptekne av tilgang på gymsal som ein del av tilbodet.* Spesielt klasseromma på 1. steget som er plassert saman med SFO med kjøkken, allrom og leikerom.
- Samarbeid mellom elevar på tvers av klassetrinn.
- *Godt og nytt uteareal*

Forbetringsområder

- Vurdere plassering av forsterka skule for betre tilgang til musikkrommet.
- Kan auke kapasiteten på forsterka skule
- Auke samarbeidet med støttetjenester som PPT og helsesjukepleiar.



Vedlegg 5

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen fungerer som ein viktig møteplass og er sentral i kultur- og idrettsaktivitetar.
- Historisk betydning for Førde og omegn, og skulen er ein integrert del av lokalsamfunnet.

Forbetringsområder

- Legge til rette for at skulen i endå større grad blir ein naturleg samlingsstad.

Andre innspel

Dette er vi tilfreds med

- Skulen sin kapasitet og evne til å tilby eit inkluderande miljø.
- Evna til å skape trygge overgangar for barn, frå barnehage til skule.

Forbetringsområder

- Sikre at strukturendringar ikkje påverkar lokalsamfunnet negativt, men heller styrker det.
- Ved strukturendringar må det sikrast at fasilitetar som gymsal og SFO basar blir bevart eller erstatta på ein god måte for å oppretthalde skulen sin kvalitet.

Prosjektgruppa si oppsummering Førde barneskule

No-situasjonen

Førde barneskule er ein skule med rikt kulturelt mangfald og god pedagogisk kompetanse blant tilsette. Den er sentralt plassert og har gode fysiske rammer for drift av barneskule. Uteområdet er nyleg oppgradert.

Skulen har eit aktivt elevråd og integrerte tilbod som fremjar samarbeid mellom elevgrupper med ulike behov og bakgrunnar.

Elevtala har hatt ei svak nedgang, og framskrivinga syner at elevtalet vil bli redusert fram til 2028 i følge Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar (196 elevar), før det stig att til om lag 250 elevar i 2037. Tal barn under skulealder som er busett i skulekrinsen i dag syner at elevtalet kan bli lågare enn framskrivinga til SSB. Med dagens barnetal i skulesektoren er det 169 barn på skulen i 2027, nedgang på 57 barn frå dagens tal. Det er usikkerheit knyta til tala då ein ikkje har fått talfesta «sentraliseringseffekt» og korleis realisering av nye byggeprosjekt i skulekrinsen vil påverke elevtalet.

Det er eit uttrykt behov for fagpersonell med kompetanse i både ukrainsk og norsk.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Som for alle skular med behov for kompetanse på 1.-7. kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Førde barneskule, særleg på 1.-4. steg. Dette har samband med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.



Vedlegg 5

Organisering

- Dersom elevtalet utviklar seg som framskrivinga syner vil ein utnytte 80% av dagens kapasitet i 27/28, men utan å kunne ta ned tal klassar i noko særleg grad. Det betyr at skulen vil bli dyrare å drifte pr. elev enn i dag.
- Helsesjukepleiarressursen blir mellom anna fordelt etter tal elevar på skulen. Ved nedgang i elevtal vil dermed denne ressursen bli redusert på Førde barneskule, om ein legg dagens fordelingsmodell til grunn.

Strukturelle endringar

- Det er gjort eit vedtak på at Førde barneskule skal flyttast til Førde ungdomsskule. Ungdomsskule har i dag kapasitet til 450 elevar, og ein kan forvente at det dermed vert noko overkapasitet ved flytting.
- Samhandlinga med Avlastinga vil bli endra ved flytting av lokalitetar til Førde ungdomsskule. Kva intensjonar har ein for denne samhandlinga i framtida?

